

**Utval:** Hovudutval for opplæring og kompetanse  
**Møtestad:** Clarion Hotel Bergen Airport, Flesland  
**Dato:** 12.11.2019  
**Tidspunkt:** 10:00-15:10

**Følgjande faste medlemer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Karianne Torvanger	Leiar	A
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Emil Gadolin	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A
Sigurd Reksnes	Medlem	SP
Svein Halleraker	Medlem	H
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H
Jon Andre Kongsvik	Medlem	H
Rosalind Fosse	Medlem	FrP
Nils Haugland	Medlem	FNB
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KrF
Jeanette Syversen	Medlem	R
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Pauline Tomren	Medlem	MDG

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Mariell Eikeset Koren	Pauline Tomren	MDG

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Påtroppande fylkesdirektør for opplæring
Bekka Skaasheim	Påtroppande assisterande fylkesdirektør for opplæring
Birthe Andersen Haugen	Påtroppande seksjonsleiar fellesstensester, opplæringsavdelinga
Linda Farestveit	Påtroppande seksjonsleiar skule, opplæringsavdelinga
Øivind Høines	Påtroppande seksjonsleiar, inntak, forvaltning og sluttvurdering
Bjarne Berdal	Påtroppande områdeleiar, opplæringsavdelinga

<b>Sakliste</b>	<b>Utvals-saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-saknr</b>	<b>U.Off.</b>
		<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 1/19		Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 2/19		Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
		<b>Skriftlege spørsmål</b>	2019/74	
		<b>Referatsaker</b>		
RS 1/19		Finansutvalet sitt arbeid med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023	2019/28	
RS 2/19		Oppfølging av PSU-sak 38/19 om organisering av yrkesopplæringa	2019/69	
RS 3/19		Brev få ATV ved alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune	2019/70	
RS 4/19		Informasjon om PitStop	2019/79	
		<b>Politiske saker</b>		
PS 1/19		Rom- og funksjonsprogram for Fagskolen i Hordaland og Rom- og funksjonsprogram for Laksevåg og Bergen Maritime vidaregående skule	2019/31	
PS 2/19		Høyringsuttale Endring i Opplæringslova - Karrierettleiing	2019/46	
PS 3/19		Høyringsuttale lov om integrering	2019/51	
PS 4/19		Høyring om lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune	2019/57	
PS 5/19		Høyring - endringar i friskulelova og forskrift til friskulelova	2019/66	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 1/19 Godkjenning innkalling og sakliste**

#### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

##### **Vedtak**

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

##### **Orienteringar**

1. Orientering om sektoren ved påtroppande fylkesdirektør Bjørn Lyngedal.
  - Kva har vi ansvar for og korleis er sektoren organisert ?
  - Budsjett/økonomiplan
2. Orientering om saker til behandling framover.

Utvaleiar inviterte til ei kort drøfting om arbeidet i utvalet.

### **GK 2/19 Godkjenning møteprotokoll forrige møte**

#### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

Ved ein inkurie vart denne saka sett på sakslista. Utvalet har ikkje hatt noko møte tidlegare, og det er difor ikkje noko møteprotokoll å godkjenne.

##### **Skriftlege spørsmål**

###### **SI 1/19 Spørsmål frå politikare**

###### **SI 2/19 Spørsmål frå Andersen - Sp - Vigilo**

**Alexander Fosse Andersen, SP**, hadde sett fram følgjande spørsmål:

1. Kva system for lagring og handtering av personsensitive elevopplysningar vil Vestland fylkeskommune ha?
2. Kva system har ein for å forhindre at liknande sikkerheitsvikt som det ein har sett i Bergen ikkje skjer i Vestland fylkeskommune?

Fylkesrådmannen svarte.

1. Kva system for lagring og handtering av personsensitive elevopplysningar vil Vestland fylkeskommune ha?

Svar: Hordaland og Sogn og Fjordane skal videreføre dei skoleadministrative sistema i Vestland til planlagt nytt system skal tas i bruk frå skuleåret 2021-22. Elevdata blir henta frå Vigo der dei søker plass, medan føresette blir lagt inn manuelt i sistema av skulen. Skulen har rutinar for å kvalitetssikre og kontrollere sensitive data som til dømes hemmeleg adresse og sletting av føresette der det ikkje er grunnar til at føresette skal ha opplysningar om ein elev.

2. Kva system har ein for å forhindre at liknande sikkerheitsvikt som det ein har sett i Bergen ikkje skjer i Vestland fylkeskommune?

Svar: I lys av saka frå Bergen kommune vil opplæringsavdelinga kontrollere at alle skulane har rutinar på kvalitetssikring av data og at dei gjennomførast regelmessig. I 2021-22 skal Vestland ha eit nyt felles skoleadministrativt system, sikring av data før systemet tas i bruk vil ha høy prioritet.

## **Referatsaker**

### **RS 1/19 Finansutvalet sitt arbeid med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

### **RS 2/19 Oppfølging av PSU-sak 38/19 om organisering av yrkesopplæringa**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

### **RS 3/19 Brev få ATV ved alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

### **RS 4/19 Informasjon om PitStop**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

Referatsak 1/19 – 4/19 vart refererte.

## **Politiske saker**

### **PS 1/19 Rom- og funksjonsprogram for Fagskolen i Hordaland og Rom- og funksjonsprogram for Laksevåg og Bergen Maritime vidaregåande skule**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

PS 1/19 vart ikkje behandla. Saka var ved ein feil lagt på sakskartet. Saka var ikkje godkjent av av utvalsleiar for behandling i dette møtet.

### **PS 2/19 Høyringsuttale Endring i Opplæringslova - Karrierettleiing**

#### **Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune støttar forslag til endring i opplæringslova om fylkeskommunal plikt til å tilby karriererettleiing til befolkninga
2. Vestland fylkeskommune er kritisk til at dei økonomiske konsekvensane om fylkeskommunal plikt til å tilby karriererettleiing til befolkninga ikkje er godt nok undersøkt.
3. Vestland fylkeskommune meiner § 13-3e andre ledd må endrast slik at det vert gjensidig plikt til samarbeid mellom fylkeskommune og Arbeids- og velferdsetaten.
4. Vestland fylkeskommune leverer høyringsfråsegn slik det kjem fram i saksutgreiinga.

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

#### **Avrøysting**

Prosjektleiar sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune støttar forslag til endring i opplæringslova om fylkeskommunal plikt til å tilby karriererettleiing til befolkninga.

2. Vestland fylkeskommune er kritisk til at dei økonomiske konsekvensane om fylkeskommunal plikt til å tilby karriererettleiing til befolkninga ikkje er godt nok undersøkt.
3. Vestland fylkeskommune meiner § 13-3e andre ledd må endrast slik at det vert gjensidig plikt til samarbeid mellom fylkeskommune og Arbeids- og velferdsetaten.
4. Vestland fylkeskommune leverer høyringsfråsegn slik det kjem fram i saksutgreiinga.

## **PS 3/19 Høyringsuttale lov om integrering**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet støttar forslag til ny lov om integrering, men med dei kommentarane som går fram av saksframlegget.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

**Åsmund Berthelsen, SV**, sette fram slikt tilleggsforslag på vegner av A, MDG, V, KrF, SP og SV:

#### **«Skjerping av minimumskravet som vilkår for norsk statsborgerskap**

##### **Norskmal §32**

Vestland fylkeskommune er kritisk til forslaget om å skjerpe vilkåra for å innvilge norsk statsborgarskap frå nivå A2 til nivå B1 i norsk munnleg. Krava til norsknivå vil med få unnatak, ikkje vere mogleg å oppnå. Særleg gjeld det gruppa «utan grunnskule». Departementet kan heller ikkje vise til korleis dei ulike gruppene er i stand til å oppnå eit høgare språknivå i norsk på kortare tid enn kva som fylgjer av dagens regelverk.

Erfaring tilseier at mange ikkje vil klare det og vil ikkje kunne få statsborgarskap. Sivile rettar må ikkje knytast til formell kompetanse. Det vil gjere at fleire ikkje får vere med i demokratiet. Lengebuande innvandrarar risikerer ikkje å få dei same rettane som folk elles. Kan ikkje godta at dei mest ressursvake innvandrarane med innskjerpinga har liten sjanse til å oppnå norsk statsborgarskap.

##### **Rett og plikt til karriererettleiing §12**

Det er positivt at fylkeskommunen skal overta og sørge for karriererettleiing, men mange stiller spørsmål om fylkeskommunen har kompetanse for karriererettleiing for denne målgruppa. Det bør vurderast om programrådgjevar som har ansvaret for utforming av individuell plan i samarbeid med deltakar og oppfølging gjennom kvalifiseringsløpet, bør vere tilstades under karriererettleiinga.

##### **Sluttmål for introduksjonsprogrammet §14 og kor lenge programmet varer § 16**

Departementet foreslår sluttmål og differensiert varighet avhengig av skulebakgrunn og alder.

Det ser ut som departementet er meir oppteke av å tidfeste når ein kandidat skal vere ferdig med utdanninga si, heller enn å ta omsyn til dei individuelle behova hjå kvar og ein kandidat. Sluttmålet må ta utgangspunkt i kva som er realistisk å gjennomføre i løpet av programtida, også med tanke på dei nye obligatoriske elementa som skal vere med i programmet. Kor lenge programmet skal vere må ta utgangspunkt i individuelle kvalifiseringsbehov føre formell utdanningsbakgrunn og alder.»

### **Avrøysting**

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Åsmund Berthelsen sitt forslag fekk 11 røyster og vart vedteke mot 3 røyster frå H og ein røyst frå FrP.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet støttar forslag til ny lov om integrering, men med dei kommentarane som går fram av saksframlegget.

Tillegg:

### **Skjerping av minimumskravet som vilkår for norsk statsborgerskap**

#### **Norskmal §32**

Vestland fylkeskommune er kritisk til forslaget om å skjerpe vilkåra for å innvilge norsk statsborgarskap frå nivå A2 til nivå B1 i norsk munnleg. Krava til norsk nivå vil med få unnatak, ikkje vere mogleg å oppnå. Særleg gjeld det gruppa «utan grunnskule». Departementet kan heller ikkje vise til korleis dei ulike gruppene er i stand til å oppnå eit høgare språknivå i norsk på kortare tid enn kva som fylgjer av dagens regelverk.

Erfaring tilseier at mange ikkje vil klare det og vil ikkje kunne få statsborgarskap. Sivile rettar må ikkje knytast til formell kompetanse. Det vil gjere at fleire ikkje får vere med i demokratiet. Lengebuannde innvandrarar risikerer ikkje å få dei same rettane som folk elles. Kan ikkje godta at dei mest ressursvake innvandrarane med innskjerpinga har liten sjanse til å oppnå norsk statsborgarskap.

#### **Rett og plikt til karriererettleiing §12**

Det er positivt at fylkeskommunen skal overta og sørge for karriererettleiing, men mange stiller spørsmål om fylkeskommunen har kompetanse for karriererettleiing for denne målgruppa. Det bør vurderast om programrådgjevar som har ansvaret for utforming av individuell plan i samarbeid med deltakar og oppfølging gjennom kvalifiseringsløpet, bør vere tilstades under karriererettleiinga.

#### **Sluttmål for introduksjonsprogrammet §14 og kor lenge programmet varer § 16**

Departementet foreslår sluttmål og differensiert varighet avhengig av skulebakgrunn og alder.

Det ser ut som departementet er meir oppteke av å tidfeste når ein kandidat skal vere ferdig med utdanninga si, heller enn å ta omsyn til dei individuelle behova hjå kvar og ein kandidat. Sluttmålet må ta utgangspunkt i kva som er realistisk å gjennomføre i løpet av programtida, også med tanke på dei nye obligatoriske elementa som skal vere med i programmet. Kor lenge programmet skal vare må ta utgangspunkt i individuelle kvalifiseringsbehov føre formell utdanningsbakgrunn og alder.

## **PS 4/19 Høyring om lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune**

#### **Forslag til vedtak**

Høyringsforslaget til lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune slik det ligg i vedlegg 1 vert sendt på ope høyring.

#### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

**Emil Gadolin, A**, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Det vil bli oppnevnt en politisk saksordfører til dette arbeidet.»

#### **Avrøysting**

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Emil Gadolin sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Høyringsforslaget til lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune slik det ligg i vedlegg 1 vert sendt på ope høyring.

Det vil bli oppnevnt en politisk saksordfører til dette arbeidet.

## **PS 5/19 Høyring - endringar i friskulelova og forskrift til friskulelova**

### **Forslag til vedtak**

Vestland fylkeskommune støttar forslag til endringar i friskolelova og forskrift til friskolelova som gjeld endring av reglane om realkompetansevurdering.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019**

### **Avrøyting**

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøyystes vedteke.

### **Vedtak**

Vestland fylkeskommune støttar forslag til endringar i friskolelova og forskrift til friskolelova som gjeld endring av reglane om realkompetansevurdering.